

Kåringssjå i Rosendal

Ein liten rapport frå Rosendal. Kvinnherad Sau og Geit hadde kåring.

I Rosendal blei da stilt ut farga Spæl frå tre ulike besetningar, i alt 12 flotte vêrlam. Kvaliteten var jevnt over ganske bra. Mange fekk 9 poeng på dei ulike kriteria, men ingen fekk 10 dette året. Tre ulike fargevariantar blei stilt ut. Dette var blå, svart og grå. Blå er hovudfargen på besetningane i Kvinnherad, mens brun førekjem i liten grad.



Domarane tok seg god tid til kvart lam, men bar preg av å kunna NKS sauen best. Ulla vart ikkje målt slik kåringsreglane seier.

I Kåringsskjemaet står det ” Lengda på dekkulla måles på sida av dyret og føres opp på kåringsskjemaet. På sida av dyret bør ulla vere cirka 24 cm lang, 64 my tjukk og ikkje for tynn. Dette er grunnlag for 10 poeng”



I Kvinnherad er det mange besetningar med farga spæl. Hadde fleire vore med i Sauekontrollen kunne antal kåringskandidatar vore mangedobla.



Ullkvaliteten vert studert.



